

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre

**Møtestad:** Voss Kulturhus

**Dato:** 14.03.2016

**Tidspunkt:** 10:00 – 12:30

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leiar	VIK
Sigbjørn Hauge	Nestleiar	VOSS
Frode Merkesvik	Medlem	HØY
Inger Ulvund	Medlem	HOFK

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjølmeseter	MEDL	SFFK
Liv Anne Aanesen	MEDL	MODA

## Følgjande varamedlemmar møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Henrik Oppen	Karen Marie Hjølmeseter	SFFK
Tom Kristian Thorsen	Liv Anne Aanesen	MOD

## Merknadar

Forvaltar starta møtet med orientering om verneområdet og oppgåvene til styret. Etter val av styreleiar i sak 2/16, leia nyvalt styreleira Olav Turvoll møtet.

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	

## Andre:

Kristoffer Ullern Hansen	SNO Aurland
Nils Kvamme	Naturoppsyn/prosjektleiar skjøtsel
Veronika Seim Beck	Landbrukssjef Vik kommune

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/16	Stølsheimen verneområdestyre - konstituering for perioden 2016-2019		2015/3200
ST 3/16	Val av ein styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 4/16	Stølsheimen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler 2016		2015/3986
ST 5/16	Stølsheimen landskapsvernområde - bygging av naust i Mørkves-Grøndalen		2015/4317
ST 6/16	Stølsheimen landskapsvernområde - sittebenk ved turisthytta på Selhamar		2016/759
ST 7/16	Stølsheimen landskapsvernområde - nye vindauge i gjestehuset i Finnabotnen		2016/934
DS 1/16	Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel i samband med forsterking av høgspennmaster		2016/351
RS 1/16	Stølsheimen landskapsvernområde - høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler i utmark og behov for endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - adgang for persontransport		2016/518

### Møteplan for 2016 for Stølsheimen verneområdestyre

5. april	Møte i Sogndal etter konferansen for nye styre
9. mai	Forvaltningsplan for Stølsheimen som hovudsak i møte. Møtestad i Vik
22.-23. august	Møte med synfaring i landskapsvernområdet
19. september	Møte
21. november	Møte med bestillingsmøte med SNO

### Nordhordland biosfæreområde

Olav Turvoll informerte om at det skal vera eit orienteringsmøte i Vik kommune 6. april om Nordhordland biosfæreområde. Stølsheimen landskapsvernområde vil koma innfor det planlade biosfæreområdet. Forvaltar deltek på møtet saman med Vik kommune.



Arkivsaksnr: 2015/3200-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 23.02.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	2/16	14.03.2016

## Stølsheimen verneområdestyre - Konstituering for perioden 2016-2019

### Innstilling frå forvaltar

I medhald av punkt 4 og 5 i vedtekter av 10.09.2015 for Stølsheimen verneområdestyre, vert styret konstituert med val av leiar, nestleiar og arbeidsutval for perioden 2016-2019. Fylgjande er valde.

Leiar: \_\_\_\_\_

Nestleiar: \_\_\_\_\_

Arbeidsutvalet (AU) er sett saman av leiar, nestleiar og 1 medlem.

Medlem arbeidsutvalet: \_\_\_\_\_

Vararepresentantar til AU:

1. \_\_\_\_\_

2. \_\_\_\_\_

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 14.03.2016

#### Handsaming i møte

Sigbjørn Hauge kom med framlegg på Olav Turvoll som leiar i verneområdestyret. Olav Turvoll kom med framlegg på Sigbjørn Hauge som nestleiar. Kandidatane det kom framlegg på vart samrøystes valde.

Val av arbeidsutval er utsett til styret ser det er trong for oppretting av arbeidsutval.

Olav Turvoll leia møtet vidare.

## Vedtak

I medhald av punkt 4 og 5 i vedtekter av 10.09.2015 for Stølsheimen verneområdestyre, vert styret konstituert med val av leiar og nestleiar for perioden 2016-2019. Fylgjande er valde:

Leiar: Olav Turvoll, Vik kommune

Nestleiar: Sigbjørn Hauge, Voss kommune

## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Brev av 11.09.15 frå Miljødirektoratet til aktuelle kommunar og fylkeskommunar, *Utpeiking av nye representantar til nasjonalpark- og verneområdestyrene*
- Forslag til representantar sendt frå kommunar og fylkeskommunar til Miljødirektoratet
- Brev av 09.02.2016 frå Miljødirektoratet, *Oppnemning av medlemmer til Stølsheimen verneområdestyre for perioden 2016 – 2019*
- Vedtekter for Stølsheimen verneområdestyre, revidert 10.09,2015

På bakgrunn av framlegg frå kommunane og fylkeskommunane har Miljødirektoratet oppnemnt fylgjande medlemmer for Stølsheimen verneområdestyre for perioden 2016-2019:

Styremedlem	Personleg vara	Representant for
Liv Anne Aanesen	Tom Kristian Thorsen	Modalen kommune
Sigbjørn Hauge	Björg Djukastein	Voss kommune
Olav Turvoll	Marianne Bøthun	Vik kommune
Frode Merkesvik	Inge Brekke	Høyanger kommune
Karen Marie Hjelmseter	Henrik Oppen	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Inger Ulvund	Ståle Hauge	Hordaland fylkeskommune

Ved oppnemninga av styremedlemene er det teke omsyn til krava i Lov om likestilling mellom kjønna.

Leiar og styreleiar i tidlegare styre:

Styreperiode	Leiar	Nestleiar
2011	Marta Finden Halset, Vik	Gunn Berit Lunde Aarvik, Voss
2012 – 2015	Marta Finden Halset, Vik	Hans Erik Ringkjøb, Voss

Miljødirektoratet fastsette reviderte vedtekter for Stølsheimen verneområdestyre 10.09.2015. I medhald av vedtektene punkt 4 skal styret sjølv velja leiar og nestleiar:

### 4. Verneområdestyret sine medlemmer, oppnemning, samansetjing mv.

*Samansetjinga av styret skal følgje krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 13.*

*Verneområdestyret skal ha 6 medlemmer med personlege varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Verneområdestyret vert oppnemnd av*

*Miljødirektoratet etter innstilling frå dei berørte kommunane og fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland.*

*Kvar kommune skal være representert med eit medlem og innstiller ei kvinne og ein mann blant kommunestyret sine medlemmer. Hver fylkeskommune skal være representert med eit medlem frå fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget/fylkesrådet sine medlemmer.*

*Oppnemningsperioden for medlemmene følger valperioden for kommunestyret og fylkestinget.*

*Verneområdestyret velgjer sjølv leiar og nestleiar.*

I medhald av vedtektene punkt 5 kan styret oppretta arbeidsutval.

#### **5.Oppretting av arbeidsutval**

*Styret kan nedsette eit arbeidsutval med personar frå styret.*

*Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i einskilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafor ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskriftene.*

Arbeidsutval for 2012 til 2015 var samansett av leiar, nestleiar og 1 styremedlem.

#### **Vurdering**

Styret vel leiar og nestleiar. Styret må vurdera om det skal opprettast arbeidsutval. Styrevedtaket med delegeringsmynde til arbeidsutvalet (sak 3, 12.03.2012) gjeld søknader om motorferdselsaker og fornying/forlenging av løyve som styret har gjeve tidlegare. Styret har delegert tilsvarande mynde til forvaltar i sak 24/15, 05.10.2015 i medhald av vedtektene for styret. Dersom det skal opprettast arbeidsutval, vert det tilrådd å velja leiar, nestleiar og medlem til arbeidsutvalet. Det kan vera tenleg med varamedlemer til arbeidsutvalet dersom det er hastesaker og fast medlem ikkje kan møta.

Arkivsaksnr: 2015/3986-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	4/16	14.03.2016

## Stølsheimen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler 2016

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre fordeler tiltaksmidler etter prioritert rekkjefylgje i tiltaksplan for 2016.

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidler	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2016	Periode	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar og stølsvegar. Stølar: Negardstølen, 2014 - 2016 Rotteskaret, 2014 - 2016 Smørklepp, 2016 Sylvarnesdalen, 2016 Rosete og Fossesete, 2016 Finnabotnen, 2016 Vatnane, 2016 Hest, 2016  Stølsvegar: Tenne - Fossesete, 2016 Finden - Fagerdalen, 2016	Prosjektlear/ grunneigar/SNO	160 000	2016	1
Muring stølsvegane Rosete og Fossesete	SNO/grunneigarane	40 000	2016	2
SUM		200 000		

Forvaltar fordeler tiltaksmidlane innafor rammene styret har sett for prioriterte område.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 14.03.2016

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre fordeler tiltaksmidler etter prioritert rekkjefylgje i tiltaksplan for 2016.

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidler	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2016	Periode	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar og stølsvegar. Stølar: Negardstølen, 2014 - 2016 Rotteskaret, 2014 - 2016 Smørklepp, 2016 Sylvarnesdalen, 2016 Rosete og Fossesete, 2016 Finnabotnen, 2016 Vatnane, 2016 Hest, 2016  Stølsvegar: Tenne - Fossesete, 2016 Finden - Fagerdalen, 2016	Prosjektlear/ grunneigar/SNO	160 000	2016	1
Muring stølsvegane Rosete og Fossesete	SNO/grunneigarane	40 000	2016	2
SUM		200 000		

Forvaltar fordeler tiltaksmidlane innafor rammene styret har sett for prioriterte område.

## Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Midlar til forvaltning av nasjonalparker og tilhørende verneområder. Tildelingsbrev frå Miljødirektoratet pr. e-post 29.02.2016
- Tiltaksplan for Stølsheimen landskapsvernområde 2016
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 3 - 1998

Miljødirektoratet har tildelt midlar til drift av verneområdestyret og tiltaksmidler til planlagde tiltak i 2016. Tiltaksmidlane skal gå til tiltak i tråd med forvaltningsplan/skjøtelsplan og tiltaksplan. Styret har fått tildelt kr. 180 000 til drifta av styre og utval, og kr. 80 000 til arbeid med revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde.

Styret søkte Miljødirektoratet om kr. 230 000 i tiltaksmidler. Det er tildelt kr. 200 000 i tiltaksmidler for 2016. Stølsheimen verneområdestyre la fram fylgjande tiltaksplan for 2016 i sak 29/15, 15.12.2016:

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidler	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2016	Periode	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar og stølsvegar. Stølar: Negardstølen, 2014 - 2016 Rotteskaret, 2014 - 2016 Smørklepp, 2016 Sylvarnesdalen, 2016 Rosete og Fossesete, 2016	Prosjektlear/ grunneigar/SNO	160 000	2016	1

Finnafjorden, 2016 Vatnane, 2016 Hest, 2016				
Kulturlandskap i Finnafjorden, 2016				
Stølsvegar: Tenne - Fossesete, 2016 Finden - Fagerdalen, 2016				
Muring stølsvegane Rosete og Fossesete	SNO/grunneigarane	40 000	2016	2
Evaluering skjøtselstiltak på stølar	Fagrapport	30 000	2016	3
SUM		230 000		

## Vurdering

Forvaltar rår til at tiltaksmidlane vert fordelt i tråd med tiltaksplan for 2016 som vart godkjent i Stølsheimen verneområdestyre sak 29/15, 15.12.2015 etter prioritert rekkefylgje, men utsetja tiltaket med evaluering av skjøtselstiltak på stølar. Det er ikkje innhenta anbod på dette arbeidet, og tiltaket kan prioriterast i neste tiltaksplan.

I 2015 vart det inngått avtale med Nils Kvamme om skjøtsel i landskapsvernområde i åra 2015 og 2016. Avtalen var inngått med atterhald om finansiering. Nils Kvamme er prosjektleiar for tiltaka og organiserer skjøtelsarbeidet i tråd med prioritering i tiltaksplanen, og i samarbeid med forvaltar. Skjøtelsarbeidet startar opp etter det er skrive avtale med grunneigarar i dei aktuelle områda.



Arkivsaksnr: 2015/4317-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 17.02.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	5/16	14.03.2016

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - bygging av naust i Mørkves-Grøndalen

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev grunneigarane på stølen i Mørkves-Grøndalen løyve til å setja opp naust ved Grøndalsvatnet. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde punkt VI nr. 2, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Naustet skal setjast opp ved Grøndalsvatnet nedanfor stølshusa. Det skal plasserast der det er grave ut opplagsplass for båt tidlegare.
- Naustet skal byggast inn i bakken for at bygget skal vera best mogleg tilpassa terrenget.
- Ytre mål på naustet kan vera inntil 2,1 x 5,1 m<sup>2</sup> og inntil 2 meter høgt. Taket er flatt med torvtak.
- Byggemateriale skal vera av tre og stein. Dørene i naustet skal grånast naturleg eller målast med ein farge som passar med naturen rundt.
- Eventuelle endringar av bygget ut frå godkjente planteikningar skal godkjennast av verneområdestyret før arbeidet kan utførast.
- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeidet er avslutta. Bølgjeblekkplatene og dekk som var nytta til den gamle lagringsplassen for båten skal fraktast ut av området eller lagrast i ein av bygningane.
- Når arbeidet er slutført, skal det sendast rapport med bilde av naustet til sekretariatet for godkjenning.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 14.03.2016

## Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar, men med tilføyning av vilkår om arbeidsfrist på 3 år frå vedtaksdato.

### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev grunneigarane på stølen i Mørkves-Grøndalen løyve til å setja opp naust ved Grøndalsvatnet. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 2, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Naustet skal setjast opp ved Grøndalsvatnet nedanfor stølshusa. Det skal plasserast der det er grave ut opplagsplass for båt tidlegare.
- Naustet skal byggast inn i bakken for at bygget skal vera best mogleg tilpassa terrenget.
- Ytre mål på naustet kan vera inntil 2,1 m x 5,1 m og inntil 2 meter høgt. Taket er flatt med torvtak.
- Byggemateriale skal vera av tre og stein. Dørene i naustet skal grånast naturleg eller målast med ein farge som passar med naturen rundt.
- Eventuelle endringar av bygget ut frå godkjente planteikningar skal godkjennast av verneområdestyret før arbeidet kan utførast.
- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeidet er avslutta. Bølgjeblekkplatene og dekkja som var nytta til den gamle lagringsplassen for båten skal fraktast ut av området eller lagrast i ein av bygningane.
- Frist for å gjennomføra tiltaket er 3 år frå vedtaksdato.
- Når arbeidet er slutført, skal det sendast rapport med bilde av naustet til sekretariatet for godkjenning.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om oppføring av båthus i Mørkves-Grøndalen, datert 07.12.2015.

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde 1998
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde rapport nr. 4-2011
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009

Grunneigarane i Mørkves-Grøndalen søker om å få setja opp båthus ved Grøndalsvatnet. Tidleg på 80-talet kjøpte dei ein trebåt som dei har brukt på stølen. Båten har vore lagra under eine stølshuset. Dette har vore ein dårleg lagringsplass for båten, og den har fått råteskadar. Båten er difor frakta til Vik for reperasjon. Før dei fraktar båten tilbake til Mørkves-Grøndalen, ynskjer dei å få sett opp eit båthus for å ta betre vare på båten. Trebåten er laga i Ornes. Båten er omlag 4 meter lang og omlag 1 meter frå kjøll til ripe. I tillegg har ein av grunneigarane ein mindre båt som skal lagrast i naustet.



Naustet er planlagt til 10,7 m<sup>2</sup> og 2 meter høgt (ytre mål). Det skal vera flatt tak med torv til takteking, og bygget skal skrå nedover i terrenget mot vatnet. Bygget skal vera dimensjonert til å tåle store snømengder. Sjå teikningar og foto under.



Planteikning, kopi frå søknad



Lengdesnitt, kopi frå søknad



Skisse av konstruksjon, og bygget sett frå vatnet



Nausttomt. Foto Anbjørg Nomes

Forvaltar har innhenta fagleg uttale til søknaden frå Hordaland fylkeskommune, i samsvar med forvaltningsplan for Stølsheimen. Fylkeskommunen har fylgjande kommentar til søknaden: «*Storleiken med utforming og materialval av naustet gjer at bygningen fell godt i terrenget og vert mindre dominerande. Vi kan ikkje sjå at tiltaket vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Vi har ikkje motteke situasjonsplan men, td målsette teikningar og foto, som gjev grunnlag til å*

*vurdera løysinga. Slik saka no ligg føre har vi ingen vidare merknader når det gjeld arkitektfaglege synspunkt».*

## **Lovgrunnlaget**

*«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep»* jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at alle inngrep eller verksemd som kan endra karakteren på landskapet er forbode. Forvaltningsstyresmakta kan på nærare vilkår gje løyve til «Oppføring av gjetarhytter, buer og naust.... jf. pkt. VI nr. 2.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

Mørkves-Grøndalen ligg innafor Stølsheimen landskapsvernområde. Det er grunneigarar frå Voss og Vik som har støl her. Området ligg i Voss kommune. Grunneigarane i Mørkves-Grøndalen har sendt søknad om bygging av eit naust som skal vera felles for grunneigarar på stølen i Mørkves-Grøndalen. Grunneigarane er Jon Bjarne Midlang, Ole Inge Vikdal, Linda Vibeke Holstad og Asbjørn Holstad og Kjetil Mørkve. I naustet skal det vera plass til dei to båtane som er i bruk på stølen i dag. Båtane vert mellom anna nytta til garnfiske i Grøndalsvatnet. Grøndalsvatnet er med i felles fiskekortordning for Myrkdalen grunneigarlag. Jamleg utfisking med garn i vatnet er viktig for å ha god kvalitet på fisken i vatnet. Fiske frå båt i Grøndalsvatnet har lang tradisjon i Mørkves-Grøndalen. Det er ikkje naust eller anna lagerplass for båtane på stølen i dag. Naustet er naudsynt for å ta vare på båtane dei har på stølen. Forvaltar meiner det er heimel i verneforskrifta for å vurdera søknaden om oppføring av naustet etter verneforskrifta punkt VI nr. 2.

I Stølsheimen er stølane med og pregar landskapet. Området er godt dokumentert i rapporten *Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde rapport nr. 4-2011* (Stølsrapporten) og forvaltningsplan for Stølsheimen. Det er ikkje kjente trua artar eller naturtypar i Mørkves-Grøndalen utanom villrein (Naturbase 28.01.2016). Naustet vil ha liten påverknad på villreinen sitt leveområde. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

I Sendedalen der Mørkves-Grøndalen er ein av fleire stølar, er det gjeve løyve til oppføring av naust ved Lars-Olavatnet og i Skjervheims-Grøndalen. Det er gjeve løyve til oppsett av naust ved Hallsetstølen. I tillegg er det sett opp naust ved Solrenningsvatnet i Solrenningane og ved Steinslandsstølen. Alle nausta som er sett opp har ulik utforming. Det er ingen tradisjonell byggeskikk for naust i stølsområdet, og naust er heller ikkje omtalt i forvaltningsplan eller Stølsrapporten. Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak vil ha på området jf. nml. § 10. Ved oppføring av nye bygg i eit stølsmiljø, er det viktig at det nye bygget ikkje øydelegg opplevinga av stølsmiljøet. Nausta som er sett opp og som er planlagd i denne saka, er felles for rettshavarane på stølen. Spørsmål om oppføring av naust vert på denne måten avgrensa til eit naust på stølar der det er trong for lagerplass til båt. I mange høve vil

det vera betre å lagra båtane i eit enkelt naust i staden for at båtane vert lagra ute med lause bølgjeblekkplater eller anna som dekke over båten. Forvaltar vurderer den samla belastninga tiltaket vil ha på området som liten.

Forvaltningspraksis i Stølsheimen landskapsvernområde i saker som gjeld oppføring av naust, er at bygget skal vera nøkternt, tilpassast terrenget, og det skal brukast byggemateriale som er vanleg brukt i område. I Stølsheimen er dette tre og stein, og torv eller bølgjeblekk på taket. Planteikningar for naustet i denne saka viser eit bygg med flatt tak med torv på taket. Bygget skal byggast inn i terrenget der det frå før er grave ut ein opplagsplass for båt. Denne plassen ligg ved vatnet på nedsida av stølshusa. Forvaltar deltok på synfaring saman med to av grunneigarane 01.10.2015. Teikning av bygget var ikkje klar når me var på synfaring. Ut frå vurderingar under synfaringa, vil tomte som er valt vera ei bra plassering for å få naustet tilpassa terrenget, og for at verknaden av tiltaket på stølsmiljøet vert mindre dominerande. Bygget vil få størst verknad på landskapet sett frå vatnet. Dørene i naustet bør ha ein dempende farge for å få bygget betre tilpassa omgjevnadane. Bygget er vurdert til å ha ein god plassering og utforming jf. nml. § 12. Flatt tak er ikkje vanleg byggeskikk i området, men det vil føra til at bygget vert mindre dominerande i landskapet.

Det er liten fare for at tiltaket vil føra til miljøforringar, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

I verneprosessen er det vurdert at det kan vera bruk for å setja opp naust i Stølsheimen landskapsvernområde, men tiltaket skal ikkje vera i strid med verneførmålet. Forvaltar vurderer naustet som naudsynt som lagerplass for båtane på denne stølen. Naustet er godt tilpassa terrenget og vil i liten grad påverka landskapet sin art og karakter, og er difor vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet. På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8 – 12 og verneforskrifta, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til oppføring av naust i Mørkves-Grøndalen i samsvar med søknad.

Arkivsaksnr: 2016/759-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 19.02.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	6/16	14.03.2016

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - sittebenk ved turisthytta på Selhamar

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Hordaland og Bergen turlag løyve til å setja opp ein sittebenk ved turisthytta på Selhamar. Løyve er gjev med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde punkt VI nr. 4, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Sittebenken kan setjast opp i gavlveggen som vender mot sør. Benken kan vera med to benkerader. Øvste benkerad skal vera under nedste bordkledning. Benken kan ha ei breidde på inntil 1,5 meter målt frå veggen.
- Benken skal tilpassast terrenget ved å ha ulik lengd på støttebein under benken.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal transporterast ut av området.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført. Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyre før arbeidet kan fortsetja.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 14.03.2016

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar, men med tilføyning av vilkår om arbeidsfrist på 3 år frå vedtaksdato.

#### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Hordaland og Bergen turlag løyve til å setja opp ein sittebenk ved turisthytta på Selhamar. Løyve er gjev med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde punkt VI nr. 4, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Sittebenken kan setjast opp i gavlveggen som vender mot sør. Benken kan vera med to benkerader. Øvste benkerad skal vera under nedste bordkledning. Benken kan ha ei breidde på inntil 1,5 meter målt frå veggen.
- Benken skal tilpassast terrenget ved å ha ulik lengd på støttebein under benken.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal transporterast ut av området.
- Tiltaket skal gjennomførast innan 3 år frå vedtaksdato.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført. Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyre før arbeidet kan fortsetja.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Hordaland og Bergen Turlag om å sette opp sittebenk på Selhamar turisthytte, datert 18.02.2016

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde (stølsrapporten), rapport nr. 4 – 2011 (*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Hordaland og Bergen Turlag søker om å få setja opp ein sittebenk i den sørlege gavlveggen på turisthytta på Selhamar. Benken skal vera for besøkjande på hytta som kan sitja å nyta kvelden i solveggen. Det er planlagt to benkerader. Øvste sittehøgde skal vera i underkant av nedste kledningsbord. Benken skal byggjast av tremateriale.

## Lovgrunnlaget

*«Føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske»* jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter *«så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar...»* jf. pkt IV nr.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *«Oppføring, utviding eller ombygging av turisthytter for allmenn bruk»* jf. pkt. VI nr. 4 i verneforskrifta. Sittebenken vil endra noko på fasaden av hytta, og er vurdert som ombygging.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Turisthytta på Selhamar ligg mellom Vassøyane og Selhamarvatnet i Stølsheimen landskapsvernområde. Turisthytta og sikringshytta er einaste hyttene her, og den ligg ikkje i tilknytning til ein støl. Utanom villrein, er det ikkje registret sårbare artar eller naturtypar i dette området (Naturbase 19.02.2016). Kunnskapen om området jf. nml. § 8 vert vurdert som god for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakker vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturlandskap som er lite påverka av tekniske inngrep. Kulturlandskapet er prega av stølslandskap med stølshus og beiteområde. Turisthytta på Selhamar er ei av hyttene som ikkje er plassert i nærleiken av eit stølsmiljø. I verneforskrifta er det gjeve opning for å gje løyve til utviding og ombygging av turisthytter for allmenn bruk. I forvaltningsplan er det ikkje omtalt kva som er definert som ombygging av turisthytter. Ein fasadeending vil kunne definerast som ei ombygging. Ein sittebenk festa til hytta og som går langs heile gavlveggen, vil føra til ein liten endring av fasaden, og er difor definert som ei ombygging av turisthytta. Fleire av turisthyttene i verneområdet har sittebenkar i solveggen. Dette er med å auka tilbodet til gjestene, og gjer opphaldet på hytta endå betre. Tiltaket vil i liten grad påverka landskapet sin karakter, og det vil lite truleg gje negative konsekvensar for villreinen i området. Den samla belastninga på verneområdet av dette tiltaket og eventuelle tilsvarande tiltak, er vurdert som akseptabelt jf. nml. § 10.

Grunngjevinga for tiltaket er å auka komforten for gjestene på turisthytta. På ei turisthytte vil det vera fleire folk enn på ei privat hytte, og det kan difor vera større trong for tilrettelegging med sitteplassar ved turisthytta. Benken bør tilpassast bygget og terrenget utan at terrenget under benken må fyllast ut. Benken skal byggjast av tremateriale. Arbeidsmetode og materiale er vurdert som bra for dette tiltaket jf. nml. § 12, og benken har ei god tilpassing til bygget. Tiltaket vil lite truleg føra til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, vurderer forvaltar at tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane eller vera i strid med verneføremålet. Forvaltar rår til at det vert gjeve løyve til å setja opp sittebenk ved turisthytta på Selhamar.



Arkivsaksnr: 2016/934-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	7/16	14.03.2016

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - nye vindauge i gjestehuset i Finnabotten

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Finnabotten AS løyve til å setja inn to nye vindauge i 1. etasje i gjestehuset i Finnabotten. Løyve er gjev med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste avsnitt. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Vindauga skal ha same utforming som dei andre vindauga med same storleik i 1. etasje i gjestehuset. Vindauga skal plasserast i samsvar med teikning av fasaden som er vedlagt søknaden i saka, datert 02.03.2016.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført. Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyre før arbeidet kan fortsetja.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 14.03.2016

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar, men med tilføyning av vilkår om arbeidsfrist på 3 år frå vedtaksdato.

#### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Finnabotten AS løyve til å setja inn to nye vindauge i 1. etasje i gjestehuset i Finnabotten. Løyve er gjev med heimel i

verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste avsnitt. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Vindauga skal ha same utforming som dei andre vindauga med same storleik i 1. etasje i gjestehuset. Vindauga skal plasserast i samsvar med teikning av fasaden som er vedlagt søknaden i saka, datert 02.03.2016.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte.
- Tiltaket skal gjennomførast innan 3 år frå vedtaksdato.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført. Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyre før arbeidet kan fortsetja.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:


- Søknad frå Finnabotten AS om løyve til å setja inn to nye vindauge i gjestehuset, datert 02.03.2016

Søknaden vert vurdert etter:


- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Skjøtselsplan for Finnabotnen, rapport nr. 4 – 2003 (*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Finnabotten AS er eigar av eigedomen gnr. 67 bnr. 1 i Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde. Finnabotten AS kjøpte eigedomen i 2014. På eigedomen er det eit våningshus og eit gjestehus. Den gamle løa på garden var i dårleg stand, og i 2004 vart det gjeve løyve til å rive den gamle løa og setja opp eit gjestehus på same tomte. Stølsheimen verneområdestyre har gjeve løyve til å leggja ut flytebrygge i Finnabotnen for å betra tilkomsten til område. Finnabotten AS har planar om drift på eigedomen innan reiselivsnæring med utleige av lokale, overnatting, servering m.m.

Eigarane har planar om å opne gjestehuset 1. mai i år. Før opning ynskjer dei å få sett inn to nye vindauge i spisesalen i gjestehuset. Det er berre eit vindauge som er direkte inn i spisesalen, og eit vindauge i trappeoppgangen. I søknaden vert det opplyst at planløyvinga inne i bygget er endra ut frå den opphavlege teikninga for bygget og plassering av vindauge. Ved å få sett inn to nye vindauge får spisesalen meir lys utanfrå, og det vert meir og betre utsikt over naturen i Finnabotnen. Eigarane meiner tiltaket vil gjera det trivlegare inne i spisesalen, og at fasaden utvending vert flottare.



Utklipp av fasade planløsning 2004



Utklipp av fasade 02.03.2016 med to nye vindauge

## Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter «så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretingar, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar...» jf. pkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald av bygningar kan gjennomførast utan særskilt løyve. I verneforskrifta er det ikkje reglar som gjeld endring av eksisterande bygningar med unntak for turisthytter for allmenn bruk. Det må difor vurderast om fasadeendinga med innsetjing av nye vindauge kan vurderast med heimel i naturmangfaldlova § 48 som seier at «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakker vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturlandskap som er lite påverka av tekniske inngrep. Finnabotnen er rik på natur- og kulturlandskap. Det er to gardsbruk i Finnebotnen, men det er ikkje landbruksdrift på gardane i dag. I 2003 vart det laga skjøtselsplan for Finnabotnen (rapport nr. 4 – 2003, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Gjennom arbeidet med skjøtselsplan er kunnskapen om natur og kultur i området bra dokumentert. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som god for å vurdera saka, og føre-var-prinsippet jf. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka. Fasadeendringa med nye vindauge i gjestehuset er vurdert til ikkje å påverka naturmangfaldet og landskapet, og §§ 10 – 12 i nml. er difor vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.

Dei nye vindauga vil føra til ein liten endring av fasaden. Denne endringa er vurdert til i liten grad påverka landskapet sin art og karakter. Tiltaket vil lite sannsynleg gje presedens for andre byggesaker i dette landskapsvernområde, og vil såleis ikkje påverka verneverdiane nemneverdig. På denne bakgrunn meiner forvaltar det er heimel for å vurdera tiltaket etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ.

Tilrettelegging for næringsverksemd er vektlagt i skjøtselsplan for Finnabotnen. I planen står det *«Eit mål for utvikling av Finnabotnen bør vera utvikling av næringsverksemd som er i tråd med verneforskrift og innanfor formålet med verneområdet og samstundes gir økonomisk for eller bidrag til skjøtselsarbeidet»*. For å ta vare på kulturlandskapet, er det viktig med godt samarbeid med grunneigarane. Moglegheit for næringsinntekt i Finnabotnen vil gjera det meir føremålstenleg for eigarane å drive skjøtsel av landskapet, og med det ta vare på verneverdiane. Forvaltar meiner det vil vera viktig at det vert lagt til rette for at eigarane kan driva næringsverksemd når dette skjer innafor rammene av verneformålet og verneforskrifta. To nye vindauge i spisesalen er vurdert som eit naudsynt og viktig tiltak for drifta av gjestehus. I ein spisesal er det naturleg med fleire vindauga som gjev meir lys inn i rommet. I tillegg vil fleire vindauge gje flott utsikt mot fjorden frå spisesalen.

## Konklusjon

Tiltaket er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet og ikkje til skade på verneverdiane, og tiltaket vil ikkje føra til store endringar av fasaden på bygget. Det er vidare vurdert at tiltaket er viktig for drifta av gjestehuset. På denne bakgrunn rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til tiltaket med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48.